

Formidlingsplan for barn og unge

JÆRMUSEET

2012-2013



Februar 2012

Innleiing

”Formidlingsplan for barn og unge” må sjåast i samanheng med ”Formidlingsplan for Jærmuseet 2012 – 2014” som blei vedtatt av styret i Jærmuseet 14. desember 2011. Den sistnemde er den overordna formidlingsplanen, denne planen er ein delplan som i hovudsak omfattar Jærmuseet sitt undervisningstilbod og andre aktivitetstilbod for barn og unge.

Målet med Jærmuseet si formidling er m.a. formulert slik:

”Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Jærmuseet forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar. Museet skal bidra til at folk flest, og særleg barn og unge, får auka kunnskap og betre forståing for desse samanhengane, slik at vi kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie.”

Mål for formidlinga til barn og unge:

Gje auka kunnskap og forståing om natur, kultur og teknologi, og samanhengen mellom desse.

Pedagogisk plattform – ”Læra ved å gjera”

Jærmuseet er både regionalt vitensenter og museum. Kombinasjonen av museum og vitensenter opnar for å knytta naturvitskaplege eksperimenter og aktivitetar inn i kulturhistoriske samanhengar og forteljingar. Dette gjer det mogleg å knytta fleire fagområde og kontekstar saman når ein lager pedagogiske opplegg.

Det er knytt statlege føringar til det å vera regionalt museum og vitensenter. Som museum har organisasjonen føringar knytt til Stortingsmelding nr. 49/2008-2009 *Framtidas museum*. Som vitensenter er Jærmuseet styrt av *”Eit felles løft for realfaga” Regjeringens tiltaksplan 2007/08.*

Pedagogiske opplegg frå Jærmuseet bygger på prinsippet om ”å læra ved å gjera”. Målet med dette er å knytta saman teoretisk og praktisk erfaring.

I formidlinga står deltaking, aktivitet og utforsking sentralt. Denne formidlingsforma byggjer på ei brei pedagogisk plattform, som gir dei ulike avdelingane moglegheit til å setja sitt særpreg på undervisninga, samtidig som grunntanken er felles. Undervisninga byggjer elles si teoretiske forankring på m.a. pedagogane John Dewey, Howars Gardner og Tina Blyth, samt dei moderne vitensentraene sin ”far” Frank Oppenheimer.

Fagleg forankring – statlege rammeplanar

Jærmuseet skal ha pedagogiske opplegg som er tilpassa heile utdanningsløpet. Jærmuseet sine opplegg skal ha fagleg forankring i gjeldande læreplanar. Med dette meiner ein opplegg for barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. Det er viktig at det er samanheng mellom dei pedagogiske opplegga som Jærmuseet tilbyr og det som er innhaldet i

skulen. Det er og viktig at dei pedagogiske opplegg er knytt opp mot tematikk og /eller eksperiment i Jærmuseet sine utstillingar. Det er viktig at desse opplegga omhandlar tema som følgjer planane for dei ulike stega i utdanningsløpet, og at ein endrar opplegga når det kjem nye læreplanar.

For barnehage gjeld :

- ✓ Rammeplan for barnehagens oppgåver og innhald

For grunnskulen og vidaregåande skule gjeld:

- ✓ L06 Kunnskapsløftet.

Den kulturelle skulesekken:

Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken (DKS) finst i Stortingsmelding nr. 38 (2002 -2003) *Den kulturelle skulesekken* og Stortingsmelding nr. 8 (2007 - 2008) *Kulturell skulesekk for framtida*. Som hovudmål skal den kulturelle skulesekken medverke til at alle elevar i skulen skal få eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Jærmuseet ligg inne som eit generelt tilbod under kulturarv i tilbodskatalogen til DKS Rogaland, men har også eigne utarbeidde DKS-opplegg som ligg under dei pedagogiske opplegga for kvart anlegg i denne planen.

I planperioden har Vitenfabrikken fire særskilde opplegg som er finansiert av DKS-midlar frå Sandnes kommune; tre av desse tilboda er og tilgjengelege for elevar frå andre kommunar.

I samarbeid med og med DKS-midlar frå Rogaland fylkeskommune blir det utarbeidd eit DKS-opplegg om arkitektur, i fyrste omgang for Kvitsøy skole. Ansvaret for dette prosjektet er plassert i avdeling for bygningsvern og temamuseum.

Garborgsenteret, i samarbeid med DKS i Time, skal ha formidling om Arne Garborgs barndom i Garborgheimen for 3. klasse i april.

Kompetanse og kvalitet

Det er viktig at Jærmuseet har høg kvalitet på dei pedagogiske opplegga, og at dei blir konstant evaluert og forbetra. Ein høg kvalitet på formidlinga føreset god fagleg kompetanse hjå pedagogane, og at personalet jamnleg får styrka og utvida kompetansen.

Det er viktig for kvaliteten på formidlinga at pedagogar og formidlarar får nok tid til førearbeid, etterarbeid/evaluering og utvikling av nye pedagogiske opplegg. Det er samtidig viktig med balanse mellom bruk av allereie utvikla undervisningsopplegga og nyutvikling, slik at organisasjonen samla sett får ei god ressursutnytting av den pedagogiske arbeidskrafta.

Det er og svært viktig å ha ein god dialog med brukarane.

For å ha høg kompetanse er det viktig med samarbeid med sterke fagmiljø - f.eks universitet/høgskular, andre vitensenter, offentlege etatar m.m

Jærmuseet skal òg vera ein ressurs for skulane. Dette betyr at ein mellom anna tilbyr kompetanse, utstyr og gjenstandar som skulane ikkje har sjølve.

Tiltak

- ✓ Tilstrekkeleg tid til planlegging, utføring, etterarbeid, evaluering, utvikling av nye pedagogiske opplegg og fagleg oppdatering.
- ✓ Vidareutvikla samarbeid med universitet og andre institusjonar

Undervisingstilbod og andre opplegg for barn og unge

Garborgsenteret

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
		A.Garborgs barndom, i Garborgheimen			
				Rollespelet "Strid"	Rollespelet "Strid"
				Mot til å meina	Mot til å meina
					Arne Garborg og språkets musikk

Ferieklubbar og liknande: Vil ev. bli utvikla i neste planperiode

Tungenes fyr

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
			Fyrlyset si historie	Fyrlyset si historie	
			Mat frå fjøra	Mat frå fjøra	
				Bygg og programmer ei fyrlykt	
				Navigasjon	

Ferieklubbar og liknande: Vil ev. bli utvikla i neste planperiode.

Vitengarden

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Den gamle garden og dyra	Tod: bilverkstad	Tod: bilverkstad	Tod: bilverkstad	Tod: bilverkstad	Bm: planter, insekt og småkryp
Jul i gamle dagar	Tod: flyverkstad	Tod: flyverkstad	Tod: flyverkstad	Tod: flyverkstad	Bm: biene sin plass i økosystemet
Kokkar i friluft	Tod: leiketøyverkstad	Tod: Musikkverkstad	Tod: Musikkverkstad	Tod: Musikkverkstad	Bm: myr, vatn og kystlynghei
Kvardags-kjemi		Tod: leiketøyverkstad	Tod: drageverkstad	Tod: bygg din eigen elektroniske sensor	Ernæring og helse
Leik med teknologi		Tod: drageverkstad	Bli kjent med dei vanlegaste fugleartane på Jæren	Biene sin plass i økosystemet	Byggeskikk og arkitektur
Mala korn		Bli kjent med dei vanlegaste fugleartane på Jæren	Trekkfuglane	Byggeskikk og arkitektur	Fiske og friluftsliv ved Limavatnet
Sauen		Trekkfuglane	Byggeskikk og arkitektur	Disseksjon av hjarte/lungeslag hjå gris	GPS og GIS
Me ser på lamma		Byggeskikk og arkitektur	Er snop kjemi? Lag drops	Fiske i Limavatnet	Historie: Hamskiftet
Biologisk mangfald		Den gamle garden og dyra	Grisen, høna og fjoset	Geologi og jordsmonn	Historie: industrialiseringa
		Er snop kjemi? Lag drops	Vårarbeid i bikuba	Geologi, stein og mineral	Historie: helse og livsstil
		Grisen, høna og	Livet i bikuba	Hanabergsmarka	Kulturlandskapet

		fjoset		og bunkersane	
		Kua og fjoset	Slynging av honning	Kart, kompass og GPS	
		Sau og lamming	Hanabergsmarka og bunkersane	Orientering	
		Med sauen til heis	Lag din eigenleppepomade	Mat og helse	
		Sauen er kome attende frå heia	Utedag i skogen	Kokkar i friluft	
		Hest, hestestell og stallen	Kokkar i friluft	Myr og vatn- ulike økosystem	
		Vårarbeid i bikuba	Mat og helse	Mysteria i myra	
		Livet i bikuba	Jul i gamle dagar	2. verdskrig og rasisme	
		Slynging av honning	Plantefarging og laga voksllys	Vind og energi	
		Hanabergsmarka og bunkersane	Bm: skog		
		Lag din eigenleppepomade	Bm: vatn		
		Utedag i skogen	Bm: vårflora og fauna		
		Kokkar i friluft	Bm: haustflora og fauna		
		Rydda i kulturlandskap	Fiske i Limavatnet		
		Jul i gamle dagar	Geologi, stein og mineral		
		Kornet er i hus	Sylting, safting og lagring av urter		
		Plantefarging og laga voksllys	Orientering		

		Bm: skog			
		Bm: vatn			
		Bm: vårflora og fauna			
		Bm: haustflora og fauna			
		Vårønn i hagen			
		Urtehagen (dei grøne smakane)			
		Slåttonna			

Ferielubbar og liknande:

- Eksperimentveka (2 veker i samarbeid med Hå kommune)
- Matskule (samarbeid med 4H)

Prosjekt under utvikling som vil ha formidlingstilbod:

Matprosjekt (RUP)

			x	x	
--	--	--	----------	----------	--

Vitenfabrikken

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Abeline og tallene	Aktivitetspakker i ferier	Et svinaktig byggeprosjekt	Elektrisitet og børstoboter	Usynlig kjemi	Lag egne stjerneskudd
Matematisk jakt i Sandnes sentrum		Alle teller	Alkymisten	Turidesign	Stjerneutvikling - fødsel til død
Regnbuekjemi		Pluss og minus på Abelloftet	Babybleiekjemi	Elektrisitet og børstoboter	Polymere i lange baner...
Kan du finne Lillebjørn?		Regnbuekjemi	DBS – Den Beste Sykkel, . . . eller Døden Bak Svingen	Et gyllent øyeblikk:	Matematiske spill og puslerier

Teknologisk verksted for barnehager		Stjernehimmelen over oss	Full av fart	Matematisk jakt i Sandnes sentrum	Induksjonsbevis
		Full av fart	Stjernehimmelen over oss	Babybleiekjemi	Det gyldne snitt og Fibonacci-tallene
			På tur og aldri sur - i verdensrommet	Matematiske spill og puslerier	Tallet e
			Planetsurfing	Planetsurfing	Tallet pi
			Matematiske spill og puslerier	Stjernehimmelen over oss	Sykkel med firkantet hjul
			3D-figurer på Abeloftet	På tur og aldri sur - i verdensrommet	
			Fargenes magi		
			Steingal		
			Sterkt som stål		

Prosjekt under utvikling som vil ha formidlingstilbud:

Akvavit i samarbeid med IRIS

			X	x	
--	--	--	---	---	--

Energi og miljø i samarbeid med Statoil

			Marsroboter	Marsroboter	
			X	x	

”Det ska svara seg” i samarbeid med Skagen Fondene

X	X	X	X	X	x
---	---	---	---	---	---

Ferieklubber og liknande:

- Sommarpakkar til ferieklubber og sfo (”sommarskolen”)

- Asteroidene – astronomiklubb for barn
- Workshop for vidargåade skue i samarbeid med eksterne aktører (1stk årlig)

Science Circus

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
		Lyd/hørsel	Elektrisitet og magnetisme	Elektrisitet og magnetisme	
			Babybleie kjemi	Babybleie kjemi	
		Kul energi	Tyngdekraft bil	Tyngdekraft bil	
		Fargerik kjemi	Fargerik kjemi		
		Planetariet	Planetariet	Planetariet	
				Elektronikk	

Ferieklubar og liknande: ev. deltaking på festivaler og andre eksterne arrangement.

Limagarden

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Mat, med hovudvekt på mjølk og mjølkeprodukt.			Mat, med hovudvekt på mjølk og mjølkeprodukt.		
			Fugl. Vanlegaste fuglartane på Jæren		
			Byggeskikk.		
			Haustarbeid med frukt og bær og rydda i kulturlandskapet.		

			Fiskeforvaltning i Limavatnet.	Fiskeforvaltning i Limavatnet.	Fiskeforvaltning i Limavatnet.
--	--	--	--------------------------------	--------------------------------	--------------------------------

**Fiskeforvaltning i Limavatnet. Tilbod og til lærarstudentar.*

Grødalaland

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Bygda mi i "gamledagar"	Bygda mi i "gamledagar"	Bygda mi i "gamledagar"	Grødalaland - husa og folka	Grødalaland - husa og folka	Grødalaland - husa og folka

Ferieklubbar og liknande:

Ferieklubb i samarbeid med Hå Kulturtorg for barn 8 – 13 år dei to første og dei to siste vekene av skuleferien.

Haugabakka

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Mat, med hovudvekt på mjølk og mjølkeprodukt			Mat, med hovudvekt på mjølk og mjølkeprodukt		
			Fugl. Vanlegaste fuglartane på Jæren		
				Skiftande utstillingar	

Ferieklubbar og liknande: Ikkje førebels

Vistnestunet

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
		Byggeskikk og arkitektur	Byggeskikk og arkitektur		
		Fuglar rundt	Fuglar rundt		

		Vistnestunet	Vistnestunet		
		Kokkar i friluft	Kokkar i friluft	Kokkar i friluft	
		Sau og lam			

Ferieklubbar og liknande: Ikkje førebels

Varden Sjøredningsmuseum

Barnehage	Sfo	1-4.kl	5-7.kl	Ungdomsskule	VGS
Langs farleg stronn	Langs farleg stronn	Langs farleg stronn	Langs farleg stronn	Langs farleg stronn	

Ferieklubbar og liknande: Ikkje førebels